



Notat

Dato: 26.03.2018
Arkivsak: 2016/4130-42
Saksbehandlar: birhau

Til: Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet

Fra: Fylkesrådmannen

Utrekning av oppfyllingsgrad

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå møte i fylkesutvalet 21. februar 2018, der Helge Nævdal (A) stilte følgjande spørsmål:

«Beregning av oppfyllingsgrad VGS - Det har ved forskjellige anledninger, både fra politisk og administrativt hold blitt framført bekymring for overetablering av skoleplasser i region Voss/Hardanger generelt, og Voss spesielt, med bakgrunn i Hordaland fylkeskommune sin oppfølging av skolebruksplanen. Dette er en bekymring vi alle tar på største alvor om tall og beregninger stemmer med faktisk situasjon.

- a) Hvordan rapporteres oppfylling fra de enkelte regioner?
- b) Hvilke variabler ligger til grunn for beregning av oppfyllingsgrad?»

Utrekning av oppfyllingsgrad

I budsjettarbeidet og i saka om justering av tilbodsstrukturen 2018/19 - klassesaka - vart oppfyllingsgrad presentert per region og per utdanningsprogram. Det vart også lagt fram tal som syner kor stor del av klassane i kvar region som har mindre enn 85 % oppfylling.

Oppfyllingsgraden er utrekna ved å sjå tal elevar i ein klasse opp mot talet på elevplassar i klassen ved full kapasitetsutnytting. Normalt vert full kapasitetsutnytting rekna som 15 elevplassar i ein yrkesfagklasse og 30 elevplassar i ein studieførebuande klasse.

Elev- og klassetal er henta frå elevteljinga per 15 september 2017. Elevteljinga vert gjennomført ved at opplæringsavdelinga hentar tal frå det skuleadministrative systemet (Extens). Elevtala vert så sendt skulane for kontroll og kommentarar.

Skuleplassar i region Voss/Hardanger

I innleiinga til spørsmåla vert det vist til at det er framført bekymring for overetablering av skuleplassar i region Voss/Hardanger. Overetableringa av elevplassar kjem til syne ved at det er nokre utdanningsprogram som har svært låg oppfyllingsgrad og/eller svært lågt klassetal.

Region Voss/Hardanger og særleg Voss tilbyr i dag svært mange utdanningsprogram sett i høve til talet på ungdomar i regionen. Tradisjonelt har ungdomar frå andre stader i fylket valt å reise til Voss for å gå på vidaregåande skule, men også om ein korrigerer for reisemønster, er talet på utdanningstilbod høgt sett i høve til talet på ungdomar. Det fører til at det vert konkurranse om elevane mellom utdanningsprogramma.

Det fører igjen til låg oppfylling i klassar og at nokre utdanningsprogram får eit klassetal som ligg langt under kriteria som er sett i skulebruksplanen. Tilbodssstrukturen i regionen vert slik sett svært sensitiv for svingingar i ungdomane sine utdanningsval.

Kapasitet i skulebygga

Oppfyllingsgrad tek utgangspunkt i tilbodssstrukturen for inneverande skuleår. Den er altså ikkje eit måltal for kapasitetsutnytting av skulebygget. I region Voss/Hardanger er kapasiteten i nokre av skulebygga svært dårlig utnytta. Sagt med andre ord er det i regionen plass til å etablere langt fleire elevplassar enn det som finst i tilbodssstrukturen i dag. Fylkesrådmannen vil presisere at det i denne regionen er store variasjonar i utnyttingsgrad i skulebygga.

I skulebruksplanen i 2012 vart kapasitet i eigedomsmassen på skulane rekna ut, og det vart utarbeidd faktablad for kvar skule. Ved nybygg og rehabilitering m.m. av skular utarbeider eigedomsavdelinga arealanalsysar.